

## Kva skjer med Uskedalen Brygge?

27.06.2010



**Kommunen etterlyste i mai ein vidareføring av arbeidet med reguleringsplanen for Uskedalen Brygge (biletet) og streka under at i dag ikkje finns juridisk bindande plan for store deler av planen.**

**Kommunen bad om eit svar om framdrift. No har Geir Olav Rusten, som er dagleg leiar for Uskedalen Brygge, svara.**

Han skriv at Prosjektconsult har uttala seg på vegne av Uskedalen Brygge utan å konsultera oppdragsgivaren. Det har dei ikkje høve til. Uskedalen Brygge er heller ikkje kontakta av kommunen.

Rusten opplyser at før Uskedalen Brygge kan ta stilling til vidare framdrift, må byggetrinn 1 ved anlegget ferdigstillast. Deretter vil dette bli vurdert, skriv Rusten.

Av Ola Matti Mathisen